



Bjørn Ingvar Eidsheim  
Hindenesvegen 181  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3180 - 19/36335

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
05.12.2019

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 242/1 Eidsheim

**Tiltak:** Avkjøringsløype  
**Byggjestad:** Gbnr: 242/1 Eidsheim  
**Tiltakshavar:** Bjørn Ingvar Eidsheim  
**Ansvarleg søkjar:** Bjørn Ingvar Eidsheim

Delegasjonssak nr.: 731/19

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for bygging av redskapsbygn datert [sett inn].

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Tiltakshavar har planar om å setje opp eit hus for å kunne lagre og vedlikehalde landbruksmaskinene på garden. Det har tidlegare stått ei løe der som redskapshuset er planlagt oppført.

#### Vurdering/drøfting:

Frisikt på situasjonskartet er teikna inn som 45m i eine retninga og 33m i andre retninga. Krava kommunen har sett til frisikt er for 30km/t (3/4x20m) og for 50km/t (4x45m).

Vegen det vert søkt avkjøringsløype til er ein kort veg med tilkomst til nokre få eigedomar og er ein lågtrafikert tilkomstveg som innbyr til låg fart. Det er difor rimelig at ein kan godkjenne 33m i den eine retninga.

#### Samandrag/konklusjon:

Det bli gitt avkjøringsløype i samband med planlagt oppføring av redskapsbygning som vist på situasjonskart.



**Vedtak:**

Lindås kommune gjev avkøyringsløyve for oppretting av avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Krava sett i dispensasjon frå avstandskravet til veg må vere oppfylt.

Vegavdelinga i Lindås kommune ynskjer å gjere merksam på at dette tiltaket kan vere søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Vedtak etter veglova gjev løyve til å nytte kommunal veg for tilkomst til eigedomen, ikkje til etablering av tiltaket.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bjørn Ingvar Eidsheim

Hindenesvegen 5993  
181

OSTEREIDET

Bjørn Ingvar Eidsheim

Hindenesvegen 5993  
181

OSTEREIDET